



Saksframlegg

Leasing av administrasjonsbil

Utval	Utvallsak	Møtedato
Arbeidsmiljøutvalet		
Formannskap		
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret

Dokument i saka:

- K.sak 53/09, bruk av privat bil i teneste eller kjøp/leasing av tenestebil.
- Leigetilbud på bil datert 13.10.2016.

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune vurderer løpande innsparingar i drift.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2016 - 2019/måla i budsjettet for 2016 i sektor for økonomi og fellestenester der det heiter;

- *Oppretthalde den økonomiske handlefridomen*

Mange kommunar leasar eller kjøper bilar som stilles til disposisjon for sine tilsette. Langt det vanlegaste er nok i dag leasingavtaler. Ved leasing held ein seg med relativt nye bilar som er driftssikre, har høg standard i høve til miljø, sikre å køyre for å unngå personskeidar og tilsette får redusert behovet for å bruke eigne bilar i teneste.

Frå før har Fyresdal kommune gode erfaringar med å tilby eigne bilar i omsorgstenesta. Det er lite skadar på bilane og ein har difor all grunn til å tru at det er god økonomi i dette. Andre kommunar opplyser og at skadeomfanget er lite.

Ein oversikt syner at samla køyrlengde for tilsette i kommunehuset gjennom eit år er omlag 50.000 km. Om ein ser på køyrlengda til eit utval av personar køyrer 6-7 personar omlag 35.000 km årleg. Mykje av denne køyringa er langkøyring ut av bygda.

Det blir hevda at ein med å lease ein administrasjonsbil kun blir att korte turar i nærområdet til dei som ikkje får tilgang på leasingbilen. Dette da det ikkje vil vere rå å ha tilstrekkeleg med leasingbilar, slik at ein fullt ut kunne bruke leasingbilar framfor privatbilar i teneste. Private bilar kan da få ekstra slitasje med småkøyring. Det kan nok vere noko rett i det, men samstundes er avstandane i Fyresdal nokså store og tilsette brukar bilen til og frå arbeid. Dette fører etter mitt syn til at småkøyring utan at bilen blir skikkeleg varm ikkje er eit stort problem og blir det same forholdet med og utan leasingbil.

Når det gjeld økonomien for tilsette ved å bruke eigen bil i tenesta og få godt gjort etter statens satsar, kan ein truleg kom godt ut av det dersom ein køyrer ein eldre bil, men med nye bilar er det neppe god økonomi. For kommune er det da også viktig at ein kan ha eit tilbod om ein ny bil som både er driftssikker og sikker å sitje i både for passasjerar og sjåfør.

Det vanlege er å lease bilar for tre eller fire år om gonga og gjere avtale om ei årleg køyrelengde på 20.000 km.

Det er dette som er grunnlaget for å syne det økonomiske biletet med å ha leasingbilar framfor å bruke private bilar i teneste.

Ved privat bil i teneste med køyrelengde på 20.000 km i året vil kommunen over 4 år betale :

4,10 kr x 20.000 x 4 =	kr 328.000,-
1,00 kr x 20.000 x 4 =	kr 80.000,- *)
Sum	kr 408.000,-

*) Passasjertillegg er 1 kr pr. km. Mykje av køyringa bilen vil bli bruka til vil vere med passasjerar, ein eller fleire. I reknestykket er det lagt til grunn ein passasjer i snitt.

Fyresdal kommune er gjennom BTV-samarbeidet del av Autoleas-avtala som er ei gunstig stordriftsavtale for leasing av bilar. Ved slik avtale kan vi hente bilen og få service frå næraste forhandlar som for vår del vil vere Skien. Autoleas-avtala er slik at ved service pliktar forhandlar å hente bilen i Fyresdal og stille med vederlagsfri leigebil når bilen er på service. I leasingavtala følgjer med drivstoffkort som gir gunstig drivstoffkjøp.

Ved å lease ein Skoda Oktavia stasjonsvogn for fire år med årleg køyrelengde på 20.000 km blir reknestykket slik (eks. MVA):

- Leasingkostnad	kr	209.000,-
- Dekkskifte	kr	12.000,-
- Forsikring	kr	16.000,-
- Vask, adm. m.m.	kr	10.000,-
- Kjøp av drivstoff, kr 11,0x0,5x8000	kr	52.000,-
Sum	kr	299.000,-

Bilen vil vere levert med fjernstyrt dieselvvarmar, slik at bilen kan vere varm og isfri før ein set seg inn i bilen som venteleg vil stå utandørs.

Det vil alltid vere nokre usikre moment ved ei leasingavtale. Kor mykje tid må ein bruke sjølv for å vedlikehalde bilen, dekkskifte, vask osv. Den største risikoen vil ligge om ein køyrer skadefritt eller ikkje. Ved skadar utover vanleg slitasje kan ein måtte kome til å måtte betale for dette når bilen blir levert att ved avslutning av leasingavtala, men da kan ein jo også velje å kjøpe ut bilen.

Konklusjon:

Det er realistisk å kunne rekne med ei innsparing på kr 25.000 i året med å lease ein administrasjonsbil. Fyresdal kommune bør prøve ei slik ordning som mange andre kommunar og har. Erfaringane kan etter fire år evaluerast.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune inngår avtale med Autoleas om leige av Skoda Octavia 1.6 TDI 110 hk Style 4x4 stv med køyrelengde på 20.000 km for ein periode av fire år.

Ketil O. Kiland	
rådmann	Ketil O. Kiland
	Rådmann